

.. er det plass til ein til

litt om serien

Heime hos oss, så...

Det er alltid spanande å kome inn i ein ny heim. Korleis er det her? Korleis ser det ut? Kva gjer dei på? Kva er tonen her og kva er dei opptekne av, dei som bur her?

Rytmar og vanar dannar seg i ein kvar heim, og desse er med å seie noko om kva som er viktig og prioritert: Kva er typisk i denne heimen.


Når NT skildrar det kristne fellesskapet – kyrkja, så er ordbruken ganske så familiær. Dei kristne dannar saman ein trusfamilie og kyrkja er som ein heim. Vi har Gud til far og er - i trua - kvarandre sine søskan. Og då må vi jo spørje: Kva er typisk i ein slik heim?

Denne serien vil løfte fram 6 gode vanar/praksisar for eit kristent fellesskap. For ein ting er heilt sikkert. Vi samlast ikkje i fellesskapet berre fordi vi har informasjonsbehov om åndelige ting. Nei, vi samlast for at trua på Jesus kan få form og uttrykk. Denne serien sit viktigaste siktemål er å etablere nokre viktige truspraksisar for oss som nytt fellesskap. Slik at vi alle kan seie: heime hos oss, så...

litt om tema:

.. er det plass til ein til

Det kristne fellesskapet har ein funksjon, eit oppdrag i denne verda. Å invitere inn til å erfare og sjå den same nåde som er gjeve oss i trua på Jesus. Dette er meir enn eit passivt «ja dersom det dukkar opp nokon, så skal vi alltid finne ein ekstra stol» haldning. Det er eit kall til å aktivt innlemme stadig nye i fellesskapet. Og det kan skje på så utruleg mange forskjellige måtar. Og det kan skje over heile verda, ikkje berre i eige nabolog. Vi som lokalt fellesskap må alltid arbeide med å styrke ein inviterande kultur i det vi gjer. Heime hos oss skal det alltid vere plass til ein til!



Luk 10,1-10 Spørsmål til teksten:


1. Kvifor trur du Jesus sende ut folk to og to?
2. Kva fortel vers 3 om farane ved oppdraget?
3. Kva fortel vers 4 om å vere målretta og avhengig av Gud?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Når var sist gong du inviterte nokon til ein samtale om tru, eit møte eller gudsteneste, ein kyrkjeleg aktivitet eller noko anna «kristeleg»? Kven er det lettast å be? Kva er det lettast å invitere til?
2. Kva trur du ikkje-kristne tenkjer om deg dersom du er open om trua di? Kva tenkjer dei om deg dersom du ikkje er det?



Misjon

Gjennom deg og vidare


Vers 6 beskriv nokre menneske vi møter som «fredens menneske» som vi skal bli verande hos. Har de ikkje-kristne i vennekrisen, på jobb, skule eller i familien som er vennlege, og som det går an å snakke med om viktige ting? Kan det hende dei er slike «fredens menneske» du skal bli verande hos?



Raushet

Takksam deling

Teksten fortel oss om det å akseptere andre sin raushet og gjestfridom. Kva verknad har det når vi gjer som Jesus seier: *et og drikk det dei byd fram?*



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at vi sjølv har blitt sett og invitert av nokon som tok beskjeden om å «gå ut» alvorleg.
2. Be om at vi sjølv må få gje vidare det vi har fått del i, og om hjelp til å finne vår måte å gjere det på.
3. Be gjerne for kvarandre, og for dei tinga som stel frimod og pågangsmot.